

*Norsk*

# BRIDGE

Medlemsblad for Norsk Bridgeforbund - Nr. 3 sept. 2011 17. årgang



## Mixmestere

Siv Thoresen & Jonny Hansen





# NM

for klubblag 2011



Finalen i årets NM for klubblag arrangeres i Namsos våren 2012. Kvalifiseringen begynner som vanlig i oktober. Vil du være med, meld din interesse til klubbleder. Rundeavgift pr. lag er kr. 300,- i 1. runde, kr. 300,- i 2. runde, kr. 350 i 3. runde, kr. 400,- og 450,- i 4.-6. runde.

Alle klubber tilsluttet Norsk Bridgeforbund inviteres til å delta i NM for klubblag 2011. En klubb kan stille med så mange lag den ønsker i turneringen. Alle deltakere på lagene må være medlem i den klubben de representerer i turneringen.

NM for klubblag arrangeres som en cupturnering over seks runder. De sju gjenværende lagene etter 6. runde, samt et lag fra arrangørklubben, møtes i en finale der alle møter alle. I de innledende rundene trekkes motstanderlag lokalt. I de senere rundene utvides trekningssonene, før det er fri trekning over hele landet i 6. runde. For seier tildeles spillerne på vinnerlaget 1 forbundspoeng i runde 1 og 2, 2,2 FP i runde 3 og 4 og 3 FP i runde 5 og 6. Nytt av året er at de første to rundene er slått sammen.

Puljer på tre lag møtes internt. Puljevinnerne og de beste toerene går til 3. runde.

Det er fritak fra kravet om lisens i 1./2. runde, det inntreer først fra 3. runde.

Påmelding foretas på BTS; <http://eple.hib.no/bts/>. Legg inn all informasjon så tidlig som mulig; spesielt må lagkaptein med telefonnummer og e-postadresse oppgis. NB! Ikke send startkontingent. Denne vil bli fakturert etter at alle lag fra klubben er slått ut.

**Husk: Påmeldingsfrist for 1. runde er 1. oktober 2011**



# Innhold

Leiar .....	2
Siden sist.....	3
Festivalen .....	5
Ungdoms-EM .....	22
Bridge som valfag .....	30
Bridge i Folkehøyskolen .....	32
Villy Dam .....	35
For de relativt ferske .....	40
Om innmeldingar.....	43
Lesarinnlegg .....	46
Nyheter fra UIV .....	51

## NORSK BRIDGEFORBUND

Serviceboks 1 Ullevaal Stadion  
0840 OSLO

Besøksadresse: Sognsveien 75 A

Telefon: 47 47 94 00

(mandag–fredag 12.00–16.00)

E-post: [bridge@bridge.no](mailto:bridge@bridge.no)

[www.bridge.no](http://www.bridge.no)

Bankkonto: 5002.05.01585

Postgiro: 0814.51.95102

## REDAKTØR ERLEND SKJETNE

Mobil: 974 75 164

e-post: [erlend@gammagrafisk.no](mailto:erlend@gammagrafisk.no)

Ramsharts vei 1c, 7020 Trondheim

## LAYOUT

Lilledesign AS

Marianne F. Mathiassen

## ANNONSER

Ansvarlig: Erlend Skjetne

[erlend@gammagrafisk.no](mailto:erlend@gammagrafisk.no)

Annonserpriser: Etter avtale

Annonsemateriell leveres skriftlig,  
med e-post, eller brev.

## TRYKK

Kampen Grafisk AS

Opplag: 9.000

Neste utgivelse

Desember 2011

Innleveringsfrist

1. november 2011

## FORSIDEFOTO:

Mix-mestere: Siv Thoresen og Jonny Hansen

Foto: Vegard Brekke





## Leiar

Det er ikkje lett å vita korleis ein skal byrja sin fyrste tekst som redaktør, men det kan passe bra å takke Rune Handal og Forbundet for den tilliten som har vorte vist meg når eg no får etterfylgje Vegard Brekke i denne stillinga. Eit vågalt val, kan ein kanskje seia, eg er framleis eit ganske ungt menneske med alvorlege manglar kva vedkjem såkalla livserfaring. Men eg skal gjera mitt beste og håper det er tilstrekkeleg, og skulle eg bli for nasevis og kjepphøg håper eg nokon tek ansvar for å gje meg ein på kjeften.

Dei store endringane vil nok ikkje lesarane merkje i bladets oppbygging. Ambisjonen førebels er fyrst og fremst å vidareføre det arbeidet Brekke og mange med han alt har byrja, med å gjera dette bladet til eit medium for den store breidda i Forbundet, frå den såkalla grasrota og heile vegen

oppover, men med fokus på aktivitetar som føregår rundt om i klubbar og kretsar, og vonarleg også på rekruttering.

Éin ting eg planlegg å få med endå meir av, er bridgefagleg stoff som rettar seg mot dei typiske klubbspelarane som Forbundet jo i stor grad består av. Frå før har vi spaltene til Villy Dam og Øystein Eriksen, som vi sjølvsagt tek sikte på å halde fram med, men det hadde absolutt ikkje skada om vi hadde hatt meir nyttig lesestoff av det slaget. Eg skal jobbe med overtalingskunstene mine for å få nokre av landets såkalla ekspertar til å bidra med slikt materiale, men eg har teke meg fridomen å gå framfor med eit meir eller mindre godt eksempel, og har til dette nummeret sjølv skrivne ein artikkel om innmeldingar, som de finn lenger bak i bladet.

Elles er vi sjølvsagt takksame for alle innspel og bidrag frå lesarane, anten det no er artiklar om stort og smått eller kritikk i form av lesarinnlegg. Nokon høg terskel bør det ikkje vera for å skrive i Norsk Bridge, det er eit medlemsblad og medlemene bør vita å nytte den sjansen dei her har til å ytre seg.

Mest påtakeleg for den jamne lesar blir sikkert overgangen frå bokmål til nynorsk i tekstar av redaktøren. Min forgjengar Brekke fekk føle det på kroppen då ein for han framand spelar passerte han på hotellet på Lillehammer, og utan utanomsnakk med fortvilning utbraut: “Ja, nå blir det mye nynorsk!” Deretter gjekk han berre vidare, openbert så demotivert av denne brutale sanninga at han ikkje fann meir å seia. Eg håper jo at eg skal greie å skrive nokon lunde forståeleg, men eg har den munnlege avtala med Forbundet at viss medlemstalet plutsleg tek til å synke drastisk så skal eg oppgje nynorsken. Men eg åtvarar dykk, det blir finsk før det blir bokmål!

Då er vi vonarleg på bylgjelengd inntil vidare. Ha ein velspela bridgehaust!

Erlend Skjetne,  
redaktør







## Siden sist

Det brenner et lys for NBF – og det er ikke av ny dato.

Medlemmene i NBF blir år for år eldre, gjennomsnittsalderen øker mot 60 år mens antallet klubber synker (nå 390). I dag har vi 9 407 medlemmer og det kritiske er at det er under 200 ungdommer under 26 år! Ikke ukjent for noen som holder seg orientert om forbundets utvikling, men tankevekkende for bridge som tankesport på sikt.

Selvsagt er det grepet fatt i utfordringene og helt sentralt frem til Bridgetinget 2012 står arbeidet som utføres av Arbeidsgruppen for medlemskapsformer – ledet av dyktige og engasjerte Per Watz. Men hvilken utakknemlig oppgave! Spørsmålene ble grundig diskutert så fillene føyk under NBFs Organisasjonsdager i mai (med rundt 120 tilstede) og deretter ble det sendt ut en Høringsrunde til landets 25 kretser. Spørsmålene dreier seg om kontingenter og avgifter,

lisensordningen, klubbenes og kretsenes økonomi og grunnleggende rett og slett hvordan vi vil finansiere driften i forbundet i fremtiden og hva medlemmene ønsker å betale.

Å sammenfatte svarene er omtrent like takknemlig for Per Watz som det i sin tid var for salige Per Borten å bære sprikende staur! (Jeg skal unnlate å kommentere hva jeg synes om at kun 16 av 25 kretser fant grunn til å svare på Høringsrunden, som nødvendigvis MÅ engasjere enhver tillitsvalgt).

Som alle vet er ett av våre største problem at en rekke klubber underrapporterer sine medlemstall – dette betyr i klartekst at et stort flertall betaler for virksomheten, men vi har (2 - 3 tusen?) gratispassasjerer. Ideelt sett kan du ikke bo i Norge og nyte godene, men reservere deg fra noen skatteområder – men det kan man altså i bridge Norge.

Vi har til nå ikke hatt sanksjonsmuligheter overfor klubber som bevisst opptre på denne måten selv om vedtektene er kjente og klare – spiller du i en NBF klubb forutsetter dette medlemskap i Norsk Bridgeforbund. Punktum!

Problemstillingen illustreres i et leserinnlegg her i bladet fra den ellers veldrevne Blommenholm BK, hvor det heter at noen spillere kun ønsker å være

assosiert. De vil være medlemmer i klubben, etter sigende spille en eller to turneringer – men de synes ikke de får noe igjen og ønsker således ikke medlemskap i NBF.

Fair enough. Men samtidig sender klubben forbundet oversikt for registrering av klubbpoeng for 66 spillere – hvorav hele 26 ikke er medlemmer i NBF- flere har deltatt på en rekke spillekvelder....

Det er innlysende at medlemskap må være motiverende, ønsket og gi noe tilbake. Selvsagt ønsker vi alle velkommen til enhver bridgeklubb – men poenget er at NBF må ha et regelverk som behandler alle likt. Det er og blir galt at noen betaler mens andre unndrar seg!

Ett radikalt forslag fra undertegnede er at medlemskap i NBF endre til å koste kr 0, lisensordningen og mp avgift fjernes – deretter at virksomheten finansieres gjennom en serviceavgift på hver spillekveld. Forslaget vil medføre store rasjonelle fordeler – spesielt ved at klubbkassererne sparer mye arbeid, forbundet slipper produksjon og utsendelse av tusenvis av fakturaer, oppfølging, purringer kontroll etc.

Samtidig vil vi fjerne problemet med at klubbene og forbundet har forskjellige inntektskilder og få en bedre kommunikasjon og tillit mel-



lom organisasjonsleddene. Størst mulig deltakelse på spillekveldene vil være både i medlemmenes, klubbenes, kretsenes og forbundets interesse!

Men – det er i så fall en avgjørende forutsetning - samtlige klubber må rapportere alle spillekvelder i Ruter for alle deltakere!

Bridgetinget 2012, som skal velge nytt styre - og forholde seg til ny generalsekretær, vil utvilsomt få en stor oppgave med å samle seg om disse spørsmålene. De dreier seg helt enkelt om forbundets fremtid – vekst eller nedgang.

Parallelt må NBF utvikle flere tilbud av interesse for våre medlemmer og i denne sammenheng er teknologi og Ruter vesentlig. Ny versjon av Ruter ble lansert 2. juli i år og denne versjonen gir automatisk publisering av resultat til klubbens nye hjemmeside.

<http://klubb.bridge.no> er også det stedet klubbene fra i høst skal benytte for medlemsadministrasjon. Dette vil være på plass slik at klubbene får god tid til å foreta oppdateringer før

31. desember. Oppdatering via SparTi vil inntil videre fungere, men tas bort når den nye medlemsadministrasjonen er på plass. Samtidig forsvinner oppslagsmulighetene for krets-, klubb- og medlemsinformasjon på NBF Data. Dette erstattes av en ny database implementert i hjemmesiden til NBF. En ny påmeldingsmodul er lansert men i første omgang bare for par- og singelturneringer. Av den grunn opprettholder vi inntil videre påmelding på NBF Data. Når påmeldingsfunksjonalitet for lagturneringer også er på plass, senest ved årsskiftet, avvikles NBF Data helt.

I den nye påmeldingsmodulen må man være logget inn for å kunne melde på deltakere til turneringene - kun deltakere som er medlem av NBF. Dermed får vi omsider på plass en kontrollfunksjon som hindrer ikke-medlemmer fra å melde seg på til turneringer, også under Norsk Bridgefestival.

Med kombinasjonen av Ruter og rapportering av resultater og mesterpoeng til den nye databasen får vi dermed mulighet til å kontrollere deltakernes

medlemskap i NBF – som før nevnt en forutsetning for valg av løsninger for Bridgetinget 2012.

På den internasjonale scene har vårt lag i Åpen klasse utfordringer, men det jobbes godt under Christian Vennerød som lagkaptein – bl.a. er vi i høst invitert til turneringer dekket av Island og Sverige for god matching. Av velkjente årsaker så vi jo frem til ”Norge – Monaco (med Helness – Helgemo)” i EM i 2012, men EBLs Credential Committee har besluttet at laget til Zimmermann ikke kan delta i EM før tidligst 2013.

På rekrutteringsfronten arbeides det intenst for at bridge skal få innpass som valgfag i Ungdomsskolen fra høsten 2012. Vi gratulerer også vår egen Marianne Harding med en velskapt datter i august – og blir ikke forundret om den lille alt har hatt kort i hendene. Med ønske om en givende og trivelig ny bridgesesong!

Rune Handal,  
generalsekretær

# Neppe the best games ever?

Erlend Skjetne



*Bjørnar Halderaker og Jo-Arne Ovesen vann Parfinalen*

**Tidlegare har Bridgefestivalen på Lillehammer stort sett overgått seg sjølv frå år til år. Denne gongen gjekk ikkje alt like strålende, men så var det også det siste året på Lillehammer, iallfall for ei stund.**

Det meste var jo for så vidt ved det gamle. Forholda kjenner ein etter kvart ut og inn, og mange uttrykte at dei no var relativt mette av hotellet og den bratte mjøsbyen i sin heilskap. Deltakinga var litt lægre i år enn i fjor i nesten alle tevlingar, men vesentleg verkar ikkje nedgangen, for det er jo grunn til å tru at ting kan ta seg opp, når ein no etter mange år på same staden flytter til ein ny. Men som vi skal sjå utover i denne artikkelen, var det diverre ein del andre ting å setja fingeren på.

Opningstevlinga samla 130 par, ein liten oppgang frå i fjor, og vart vunne av Anne Birgitte Fossum og Terje Nyborg frå høvesvis BK Vest Oslo og BK Norrøna. På andre plass fylgde Oddbjørn Bråteng - Anja Prestvik og på tredje Arnold Mundal - Bjarne Erlandsen.

Etter eit minutt stille for å minnast ofra for tragedien i Oslo og på Utøya, byrja NM mix par og NM junior som planlagd morgonen etter. Som vanleg var det den største og den minste av noregsmeisterskapane som gjekk parallellt frå start av.





Det som vil bli hugsa best frå årets NM mix par er nok diverre det uvanlege og beklagelege som skjedde i innspurten, nærare bestemt i runde 30. Ikkje nok med at dette, som skulle vera den siste runden, grunna rekneskapsvanskar vart avlyst, men plutsleg hadde resultatane frå den allereie gjennomførte runde 29 forsvunne, og i hui og hast vart det vedteke at denne runden skulle strykast og tevlinga plutsleg avsluttast. Det er naturlegvis frykteleg frustrerande for dei som var med i toppen og sat på ein glimrande runde 29, og tilsvarende heldig for dei som sat på ein dårleg ein. Feilen påverka nok kampen om sylv- og bronsemedaljen, men eit hell i uhellet var det iallfall at Siv Thoresen og Jonny Hansen leia så klårt at det ikkje avgjorde kven gullet gjekk til.

I Mix par er det rimeleg å snakke om ein favorittsiger, og i grunnen kan det same seiast om NM junior også. Underteikna og Fredrik Simonsen hadde rett nok ei klår leiing etter fyrste dag. Men Kristoffer Hegge har allereie gode merittar frå denne tevlinga, og han og Kristian Stangeland hadde lettare motstand enn leiarparet i siste sesjon og scora plutsleg 70%. Då vi sjølve berre spela litt pluss i denne sesjonen vart det to poeng for snautt, Hegge og Stangeland gjekk forbi i aller siste runde. På tridjeplass kom Håkon Bogen og Lars Arthur Johansen. Nederlaget på målstreken kan eg leva med, verre er det at denne tevlinga, som for ikkje så veldig mange år sidan samla masse folk og bygde på eigne kvalifiseringstevlingar rundt om i krinsane, i år bestod av berre 16 par.


I Mix lag og Monrad par vart det også spenning om sigeren. Populære vinnarar i NM mix lag vart til slutt lag "Norges navle", beståande av Jonill Storøy, Arild Hoff, Reidar Johnsen og Liv Bugge. På andreplass fylgde Egil og Marianne Homme, Martin Reinertsen og Ann-Mari Juvik på lag "Damer og knekter", medan "Lillebaluba" med Stine Holmøy, Haldor Sunde, Frank og Anne Irene Bogen, Helge Stanghelle, Gerd Marit Harding og Finn Brandsnes kapra bronzen på kvalitet framfor lag "Erichsen". Det var mot sistnemnde at Jonill Storøy sikra sigeren i siste kamp.



Liv Bugge, festivalens blidaste vinnar?

♠ A10875  
♥ 6  
♦ AJ5  
♣ 876

♠ 109  
♥ Q5  
♦ 10986  
♣ AQJ43




♠ 2  
♥ K97432  
♦ KQ43  
♣ 95

♠ J843  
♥ AJ108  
♦ 72  
♣ K102

Vest	Nord	Aust	Sør
	Storøy		Hoff
		2 hj	pass
3 hj	3 sp	pass	4 sp
pass	pass	pass	


2 hjarter viste 8-11 og sekskorts hjarter, og etter å ha fått støtte i fargen valde aust å spela hjarter ut. Are Aarebrot på det andre bordet fekk same utspel etter ein ordinær veike to i aust, og han prøvde seg tidleg med ruter mot ess, knekt for å etablere eit stikk der om vest skulle ha baa honnørane. Men no kom aust inn og skifte kløver, og det måtte bli beit. Storøy, derimot, spela i andre stikk hjarter til steling, dama kom på, og etter opninga var det ikkje lenger mogleg at konge, dame i ruter sat saman med kløver ess i vest. Det var såleis like greitt å spela ruter frå handa. No måtte aust suse i med ein honnør og skifte kløver, men då ho la liten var sjuaren i bordet stor nok, vest måtte pliktskyldigast stikke og fri seg i ein spiss farge, Storøy eliminerte ruter og hjarteren og spela kløver til tia, og vest var innspela. Merk at utspelet var godt, med ruter konge ut står kontrakten alltid ved å stikke med esset, ta ut trumfen og spela liten ruter frå handa opp mot sjuaren, for aust kan ikkje stikke utan å godspela knekten, og legg ho liten kjem innspelet som skissert ovanfor. Hadde Storøy gått beit i 4 spar ville underteikna og lag "Erichsen" vunne tevlinga. Vestlendingane sin siger gjekk altså på kostnad av meg, men eg trur ikkje eg hadde greidd å bli så glad som den gledesstrålande Liv Bugge for å vinne, så slik sett var det kanskje rettferdig.

Eit anna instruktivt spel stod Kåre Kristiansen for litt tidlegare i Mix lag:



Utan meldingar frå motparten var Kåre Mathias i den normale kontrakten 4 spar i aust. Det blir nok beit om sør spelar hjarter ut, men ho prøvde i staden kløver ti, som ved fyrste augekast også ser grei ut. Esset vann stikken, så ruter til ein ærleg norsk tiar i nord og esset, og spar dame rundt til kongen. Kløver knekt hadde nok vore det mest effektive tilbakespelet no, då kan ein jo velja å tru at utspelet var frå dame, ti, ni. Men då nord spela kløver ni var det teikna korleis den fargen sat. Ruterer fekk speleførar også ei god formeining om då nord la liten då han spela mot kongen. Han tok altså for kongen, ingen kutt, drog all trumfen og hadde deretter eit val: Han kunne spela inn sør i ruter, altså sende i veg knekten og på ruter ni kaste ein kløver, eller nord i kløver og på den siste store kløveren kaste ruter knekt. Det fyrste blir rett om sør har hjarter konge, det andre om nord har han. Då det eigentleg knapt fanst ein indikasjon på kven som hadde kongen, spela han ganske enkelt på det matematisk mest trulege, at kongen sit saman med lengda, som han altså hadde plassert i nord. Like etter hadde han sine 420 på bok.

I Monrad par såg gullet eigentleg ut til å tilfalle Tolle og Leif Erik Stabell, men vart, etter handsaming av ein vanskeleg appell, tilkjent Jørn Arild Ringseth og Jan Tore Berg. På tridjeplass kom Atle Sæterdal og Jan Petter Svendsen. I fylgjande spel viste Jan Tore Berg kvifor han er i toppen av nesten alle tevlingar han spelar:




Vest	Nord	Aust	Sør
	Berg		Ringseth
		1 hj	1 sp
pass	2 NT	pass	3 NT
pass	pass	pass	

Som vanleg hardt meldt av spreke gitar; ut mot dette prosjektet kom kløver knekt som vart lasjert og kløver til dama og esset. Berg spela no ein spar til esset i aust, som naturlegvis godspela kløveren sin. Berg heldt fram med ruter til dama og tok sparhonnørane, såg korleis det sat og dukka deretter galant ein ruter til aust sitt ess. Han tok kløveren sin, bordet kasta spar og vest og nord hjarter, aust hadde berre hjarter å spela, knekten tok stikket, hjarter ess og så var det slutt. For dei med dårleg syn: Vest var skvist i spar og ruter. Fanst det så ei redning for forsvaret? Ja, aust må gå opp med ruter ess idet Berg spelar ruter mot dama. No tek han kløverstikket sitt og frir seg i ruter eller spar. Speleførar har enno ikkje fått teke hjarterkappen, og han kan ikkje gå heim på ruter konge for å gjera dette, utan samstundes å øydeleggje skvisen.

Neste formiddag byrja tri nye noregs-meisterskapar. I NM veteran vart det siger til ringrevane Per Løwe og Johan Fredrik Monrad. På andre plass kom Øystein Jensen og Arve Farstad og på tredje Jostein Sørvoll og Erik Bølviken.

I NM damer scora Eli Solheim og Torild Ueland frå høvesvis Gann og Kverneland valdsamt, og var mot slutten aldri truga. Nokså trygt såg også sylvet til Ingunn Uran og Susann Farstad ut, men Ann Mari Juvik og Ida Wennevold sneik seg forbi i siste runde. Fylgjande spel baud på ein rein topp til vinnarparet og ein nokså uheldig strøminus til bronsemedaljørane:



Vest	Nord	Aust	Sør
Farstad		Uran	
2 kl	pass	2 ru	pass
3 kl	pass	3 sp	pass
4 ru	pass	4 NT	pass
5 kl	pass	6 kl	pass
7 kl	pass	pass	pass

7 kløver var ein suveren kontrakt. Ut kom ein liten trumf som Farstad vann med knekten i bordet, så fylgde ess og konge i hjarter med to sparavkast, ruter dame, ruter til esset og ruter til steling. Alt var veldig vel så langt, berre eitt lite spørsmål, tilsynelatande mest av akademisk interesse, gjenstod for speleførar:

Korleis returnerer ein til handa for å ta ut trumfen? På spar ess eller med ei hjartersteling? Isolert sett er det opplagt større sjanse for sparen 5-0 enn for 7-2-sits i hjarter med dobbelton i nord. No la for så vidt nord dama under esset, men det er jo gratis å kaste denne, og naturlegvis smart å gjera det om ein har masse hjarter og er blakk i spar ... I alle fall er det vanskeleg ikkje å sympatisere med Farstad som prøvde ein hjarter til steling med kløver sju, overstole med åttaren for éi gebrekkeleg beit. Ei lita trøyst var det at dei berre så vidt fekk minus på spelet, då mange gjekk beit i underlegne 6 spar, nokre også to beit i 7 spar. Berre Solheim og Ueland noterte 1440, då speleførar etter identisk innleing i den kritiske situasjonen valde å spela spar til esset. Det vitnar om god glid, men samstundes er det








*Sofie Sjødal på ni og Axel Mathiesen på 96:  
Som vanleg stort spenn på Lillehammer*

jo ein fin prestasjon faktisk å vera i 7 kløver. I Patton vart det siger til trønderane på lag “Flakskail”, Erik Berg, Pål Arne Mediå, Per Arne Flått og Alexander “Flakskail” Flakstad. Dei leia heile vegen og vann til slutt suverent, framfor “Kanskje (Talent)fulle” bestående av Kurt-Ove Thomassen, Bjørn Erik Rydland, Dag-Jørgen Stokkvik, Svein Aril Olsen, Jarle Bogen og Jack Holand, medan bronzen på kvalitet tilfall juniorane på “Den store Bogen”, Kristoffer Hegge, Tor Eivind Grude, Håkon Bogen og André Hagen.


Ei anna populær tevling som pågjekk medan Parfinalen vart avvikla, var IMP’s across the field, vunne av avtroppande redaktør Vegard Brekke og Sten Bjertnes framfor Kurt-Ove Thomassen og Bjørn Erik Rydland. På tridjeplass kom Geir Larsen og Kristian Ellingsen.

Parallelt gjekk altså Parfinalen. Det har jo vore snakk om ei omlegging av denne turneringa, men enn så lenge går ho som før, over tri fulle dagar med 86 par på startstreken. Ingen stakk

ifrå i årets tevling, skjønt det ofte undervegs var vanskeleg å vita nøyaktig kva som føregjekk på resultatlista. Utan at eg fekk med meg detaljane, så var det visst noko med ein sesjon som vart scora dobbelt, og eg må medgje at eg vart rådvill då Terje Garseg, som openbert tok meg for ein rekneskapsarbeidar, hanka tak i meg og viste meg lappar der han plutsleg var tilgodesett fleire hundre poeng for mykje. No vel, før siste dag var resultata omsider slik dei skulle vera, og då det kom til siste runde såg publikum at Jo Arne Ovesen og Bjørnar Halderaker leia med kringom hundre poeng på far og son Lars og Harald Eide, som dei tilfeldigvis skulle møte. Det verka komfortabelt, men leiarparet gjorde det maksimalt spanande ved å gå seg på to elendige resultat, slik at sigersmarginen vart utrulege fire poeng. Bronsen gjekk til sterkt spurtande Peter Marstrander og Rune Brendeford Anderssen. Vi skal ikkje mobbe vinnarparet ved å minne dei på dei to siste spela, men heller gje dykk eit lite døme på den aktuelle spelinga som gjennom tevlinga skaffa dei mange av poenga deira:




Her sat Halderaker sør i fyrste hand gunstig. Dei fleste ville vel passa, men Halderaker var i dytten og vurderte handa, som unekteleg har stort potensiale, verdig ei kløveropning. Vest melde inn 1 grand, Ovesen i nord sa 2 hjarter, og aust avslutta meldingsforlaupet med ein høgst forståeleg 3 grand. Problemet var berre at Halderaker og Ovesen med sine egne meldingar hadde gjort motspelet enkelt for seg. Ein kløver kom ut til kongen, og hjarter igjennom, kløver attende til esset og ny hjarter etterlét speleførar med stusslege fem stikk. Det var ein tridelt nesttopp og gav 38 pluss. Eit anna spel frå finalen eg personleg forelska meg i, var fylgjande levert av Lasse Aaseng mot Rune Hauge og Tor Helness.



Vest	Nord	Aust	Sør
Hauge	Herr Harr	Helness	Aaseng
	1 ru	pass	1 hj
1 sp	x	pass	3 NT
pass	pass	pass	

At Aaseng medgav å ha meldt på tilsvarande måte gjennom heile finalen, forklårar kanskje kvifor det ikkje gjekk så bra med han og Gunnar Harr. Men denne gongen vart det suksess. Ut mot 3 grand kom ein kløver frå Rune Hauge, og på liten frå bordet greidde Helness å leggje åttaren. Nia tok altså stikken, så ruter til kongen. Når den fargen sat drog Aaseng, framleis utan reduksjon i tempoet, hjarter dame til Helness' ess. Sjølv for vinnaren av årets Spingold var det vel ikkje så lett å spela hjarter attende? Han prøvde naturleg nok ein kløver, og etter seiande vurderte Aaseng no å krevja ti stikk. Men som han vakkert formulerte det så ville det ta lengre tid å forklåre motstandarane korleis spelet skulle gå enn å faktisk gjennomføre det. Så han lasjerte kløveren og kasta ein hjarter på den neste, drog ein masse ruter og trong berre å fylgje med på kva Hauge kasta. Då han blanka hjarter konge for å halde tri av sparane sine, var det berre å avblokkere spar ess og spela Hauge inn på kongen. 430 hadde stått seg brukbart til og med i Spingold.

Prisen for beste spel under festivalen gjekk derimot til Egil Hansen, som eg sjølv skreiv om i bulletinen:






*Egil Hansen, årets festivalprisvinnar*

3 grand er vel eigentleg nok på desse korta, men nokre forsøkte seg i knallharde 6 ruter. Kontrakten ser ved fyrste augekast ut til å vera beit uansett utspel, og med kløver konge ut kan det bli to fordi ein fort prøver sparfisken. Men ved eitt bord i salen sat det faktisk ein mann som vann denne kontrakten: Egil Hansen fekk kløver konge ut etter at sør i meldingsforlaupet hadde dobla ei kunstig kravmelding i kløver. Esset tok fyrste stikk, og sør tok seg bryet med å kaste dama. Kanskje meinte han berre å vise makkeren dame, knekt, ti, men det kunne jo også tyde på at han hadde noko i spar, sjølv om å lavinthalere i denne posen naturlegvis er litt meiningslaust. I alle fall valde Hansen å spela på at sparkongen var i sør. Han drog hjarter ti og måtte nesten sigle henne, for denne femtiprosentssjansen er sjølvsagt betre enn å skulle stela ut dama tridje i nord. At sør ikkje dekte var i dette tilfellet likegyldig. Ein ny hjarterkapp fylgde, og deretter ut med trumfen og resten av dei raude stikka. Sør såg innspelsskvisen koma og blanka spar konge, men Hansen stolte på intuisjonen sin og gjekk opp på esset. 920 var ein rein og velfortent topp i Parfinalen.

Årets Monrad lag vart ein parademarsj frå lag “Abax”, samansett av Gjermund Rekstad, Snorre Aalberg, Jan Tore Berg, Odin Svendsen og Lars Arthur Johansen. Siger med 36 VP kan vel umogleg vera anna enn rekord i denne tevlinga? Sylvet gjekk til “Fire karsk og en cola”, Espen Larsen, Jan Tore og Hallvard Skoglund, Steingrim Ovesen og Jan Einar Sætre, bronzen til “Tre knekter og ett S”, Jo Arne Ovesen, Jonny Hansen, Jan Frode Karlsen og Siv Thoresen. Fylgjande spanande spel dukka opp i den nest siste kampen:



Dette var ein av mange suksessar for “Abax”. Snorre Aalberg og Gjermund Rekstad henta 1100 i 3 ruter dobla, eigentleg ikkje noko stort gladspel sidan 7 grand med den aktuelle sitsen er relativt lettspele. Storeslem eller grand var sjølvsagt ikkje bra, men på det andre bordet kom ein til toppkontrakten, 6 spar, som uforskamma nok vart dobla. Speleforar gjekk ei beit, og kommentatorane snakka mest om at nokon burde flykta til 6 grand, men faktum er naturlegvis at 6 spar står. Korleis illustrerte Arnfinn Helgemo på eit noko lægre bordnummer: Meldingsforlaupet der vart noko spesielt, då nord opna med 2 kløver og vest over 2 ruter gikk inn med 2 hjerter som skulle vise spar eller bae minor. Aust oppfatta det derimot som naturleg, og over nords dobling, fortrinnsvis negativ, støtta han til 3 hjerter. Helgemo kunne ikkje vite kva som føregjekk og sa 3 spar, og







*Suverene Abax*

skulle like etter spela 6 av sorten med ruter knekt ut fra vest. Etter å ha teke den vellykka ruterfinessen gjorde han noko vesentleg då han ikkje la ned spar ess, men heller spela spar til kongen. Han såg sitsen og fortsette med tri gonger hjarter frå toppen, i forventning om å finne fargen 3-3 eller eventuelt firkorts i aust. Så tok han også ess og konge i kløver, ruter ess og ruter til stjeling. Når han no spela ein ståande kløver til steling med spar ti, var det det same kva aust gjorde. Aktuelt stal han over med dama, men måtte no servere spar opp i ess, åtte, koretter hjarter til steling med spar knekt gav det ellefte sticket og spar ess det tolvte.

Også i Monrad lag synst eg at resultatservicen var dårlegare enn i fjor. No er eg personleg heilt desorientert i dei fleste store settingar, men det er ei velkjend sak at det finst mange distré bridgespelarar, og det er ingen føremon at ein må leite på ein diger skjerm som også viser alle moglege andre ting, etter info til dømes om kvar ein skal sitja. Resultatlippar kom denne gongen i form av eit eller fleire store ark der ein også såg resultat i alskens andre kampar. Ikkje berre er det lite miljøvenleg og dertil direkte upraktisk

at bordet blir fylt til randen av papir, men var det ikkje også nokså overflødig informasjon desse arka gav oss? Før fekk vi ein liten lapp der det stod opplyst kor mange VP vi tok i førre kamp, og deretter kva bord vi skulle sitja ved i den neste, og etter mitt skjønn var dette meir enn nok.

Eg forstår det slik at denne og mange andre merkelege komplikasjonar har noko å gjera med det nye fenomenet Ruter å gjera. Dette er noko eg, og sikkert mange med meg, overhovudet ikkje har peiling på, og slik sett vegrar eg meg for å seia for mykje om det. Eg konstaterer berre at når eg spelar tevlingar i utlandet, så funkar BridgeMate og kva det no heiter fullstendig smertefritt, medan det i Noreg nesten alt er ei eller anna form for klabb med teknologien. Sjølv sagt ikkje eit stort problem, men litt underleg er det jo.

Uansett så stoler eg på at ansvarspersonane har ordna opp i alle slike småting til vi neste år møtest i Fredrikstad. Det arrangementet skal vel overgå alt vi hittil har opplevd av bridgefestivalar?

*Vi arbeider for deg, døgnet rundt  
i flere tidssoner!*

# VIEGO REGNSKAP

**VIEGO ER ET STØRRE REGNSKAPSBYRÅ  
SOM TA HELE ELLER DELER AV REGNSKAPSJOBHEN.**

**VIEGO TILBYR MODERNISERING OG EFFEKTIVISERING AV  
ADMINISTRATIVE RUTINER. VI ER FORHANDLER AV DE  
MEST MODERNE ØKONOMISYSTEMENE PÅ MARKEDET.**

**VI HAR DYKTIGE MEDARBEIDERE MED PRAKTISK ERFA-  
RING OG BRED KOMPETANSE.**

**SAMMEN MED KUNDEN UTARBEIDER VI SYSTEMER OG  
LØSNINGER SOM PASSER FOR DEN ENKELTE.**

**WWW.VIEGO.NO**

**TLF: 38 02 02 90**

**FAKS: 38 02 02 92**

**MOB: 935 71 400**



**Viego**

**POSTBOKS 351, 4663 KRISTIANSAND S  
BESØKSADRESSE: DRONNINGSGT. 67 INNG HOLBERGSGT.**

## Ranik Halles pris



Ranik Halles pris deles ut for fremragende bridgejournalistikk en gang i året. Prisen sponses av Aftenposten, der Halle var redaktør. Juryen har bestått av Jon Sveindal (Aftenposten), Harald Skjæran (NBF) og Alf Helge Jensen (Norsk Bridgepresse). Årets pris tildeles Knut Kjærnsrød.

Kjærnsrød har hatt en ukentlig spalte i Tønsbergs blad i en tyveårsperiode, og redigerte før den tid bridgespalten i Vestfold Arbeiderblad. Han har hatt verv i NBF, jobbet i arrangementskomiteer og med bulletiner, og er for tiden en drivkraft bak "Bridge for alle"-arrangementene på Tenerife. Så sent som i kveld ble han valgt til ny leder i Norsk Bridgepresse.

# Er du interessert i leilighet i Oslo?

## Møblert leilighet i Kirkevn v/Blindernvn

2 sov, 1 m/d.seng, 1 m/køyer.

kr 15.000.-/mnd Dep+Ref Ledig fra ult sep.



**Tlf 920 894 90 eller roer-tj@online.no**



**Har du tid til litt dublering?**

**Tlf 920 89 490 eller roer-tj@online.no**



## Juniorleiren 2011 - et tilbakeblikk

**Årets juniorleir, den 14. i rekken i min regi, ble som de seks foregående år avviklet på Lillehammer Speidersenter i tidsrommet 24.07-29.07.2011.**



Selv kom jeg rett fra junior EM i Bulgaria natt til mandag, og det var derfor min gode støttespiller gjennom mange år Olav Lillebuen som organiserte startfasen. Han foretok innkjøp, lagde mat og hentet deltagerne på stasjonen etter hvert som de ankom Lillehammer søndagen. Han sørget også for at lokalene var klare for aktivitet mandag morgen. Olav hadde med seg Lars Kronstrand som medhjelper og Lars ble utover uken titulert assisterende kjøkkendirektør. Gode medhjelpere gjør oppgaven som leirleder betydelig lettere.

22 ungdommer hadde meldt seg på til leiruka og særdeles gledelig var det at hele fire jenter var blant de påmeldte. Yngste deltaker var Sofie Sjødal fra Nesodden med sine ni år og hun imponerte alle med sin utholdenhet. I tillegg til å være en reflektert bridgespiller, sin alder tatt i betraktning, gled hun lett inn i det sosiale miljøet på leiren. Pappa Rolf var med de to første dagene da de var litt usikre på om Sofie ville trives blant så mange eldre ungdommer. Han hjalp til med det datatekniske slik at leiren fikk en flying start, men måtte reise alene hjem da Sofie ikke hadde tanker om å avslutte leiren etter to dager.



*Vemund Vikjord, årets leirmester*

Alle jentene bidro til at leiren ble ekstra vellykket og de viste fram bra bridgepotensiale som sier meg at de med trening og vilje kan være aktuelle for internasjonale oppgaver i framtiden.

Fire av spillerne på youngsterslaget i Bulgaria var med på leiren. I tillegg var det med tre tidligere skolelandslagsspillere. Dette gjorde leiren til et godt sted å lære bridge for de med mindre erfaring, og jeg vil berømme alle for eksemplarisk oppførsel ved kortbordet.

Som vanlig startet vi opp med singelturnering mandag for å bli godt kjent med hverandre. Foruten en hovedturnering der man kunne avtale makkerskap ble resten av turneringene gjennomført med trekking av makkere. Lagturnering, IMP across the field, lynbridge og hinderbridge ble avviklet i løpet av uken. Vi fikk også tid til fotball og bading. Arnt Ingvar Solberg arrangerte bueskytterkonkurranse og var også en god medhjelper i forbindelse med leiren. Svein Ingar Sæther og Morten Rolfsen bidro

med kortdublering m.m. og har sin del av æren for en vellykket bridgeleir.

Uka ble avsluttet med premieutdeling til alle deltagerne fredag ettermiddag og årets leirmester ble Vemund Vikjord.

Det er litt vemodig å tenke på at vi neste år må finne nye lokaler for juniorleiren, og det blir ikke enkelt å finne like velegnede forhold som på Lillehammer. Gode lokale krefter i Fredrikstad vil sondere terrenget for oss for å finne egnede fasiliteter der til neste sommer.

Takk til Lillehammer Speidersenter som har vært en god samarbeidspartner gjennom sju somre. En spesiell takk til tjuårlige Alexandra Dahle som under festivaluka hjalp meg med rydding/oppvask slik at jeg kunne ha størst mulig fokus på bridgen. Hun har således en andel i sølvmedalja jeg oppnådde i parfinalen.

Lars Eide,  
leirleder



# Begynnerfestivalen 2011

Eva Flått

**Årets Begynnerfestival gikk av stabelen i forkant av Norsk Bridgefestival på Lillehammer 28-30 juli i år. 35 ivrige og entusiastiske nye bridgespillere stilte opp og fikk innføring i turneringsspill som jo er formålet med begynnerfestivalen. De ble introdusert både for parspill, lagspill, poengberegning og andre relevante tema. Etter responsen og tilbakemeldingene fra deltakerne har begynnerfestivalen vært en suksess, en av deltakerne spurte sågar: "Hvor mange år kan jeg være nybegynner?" Arrangementet foregikk på Radisson Blu Lillehammer hotell, og fasilitetene var gode.**



Instruktører under festivalen var Anita Karlsen, Trude Selfors, Anette Vaagland, Jostein Øvrevatn og Eva Flått, mens Allan Livgård, loset det i havn som turneringsleder og altnuligmann. Festivalen ble avsluttet med ei turnering i Håkons hall sammen med Norsk Bridgefestival, der deltakerne virkelig fikk anledning til å føle på hva det vil si å delta i store turneringer.

## Hva er Begynnerfestivalen?

Begynnerfestival er en festival for ferske bridgespillere som ønsker å utvikle seg som bridgespillere. Målet er at deltakerne skal være bedre rustet til å spille turneringer etter å ha deltatt på festivalen. Selve opplegget tar utgangspunkt i at deltakerne er ferdig med læreboken Bridge 1, eller tilsvarende nivå.

Det er en fin blanding mellom teori og spilling. Deltakerne får prøve seg på forskjellige turneringsformer slik som lagkamp, lynbridge, og parturnering. I teorien blir det lagt vekt på overføringer, meldinger når motparten forstyrrer, spilleføringer og motspill. Det blir også informert om turneringsleders rolle og noen generelle regler.

Det er fokus på trivsel og hygge, og årets hyggeligste makker, motstander og årets nykommer blir kåret.

## Hvilke nytte har klubbene av dette?

Mange klubber sliter med rekrutteringsarbeidet. En av utfordringene er å få kursdeltakere til å fortsette i klubben. Dette kan være fordi det er for stor nivåforskjell på nybegynnere og erfarne klubbspillere. Det er for få kursdeltakere til å ha en egen pulje, og nivåforskjellen gjør at resultatene blir ujevne. Det at erfarne spiller med nybegynnere kan over tid være en belastning, og noen klubber opplever at faste medlemmer i klubben uteblir. En løsning kan være å oppfordre/støtte nybegynnere til å delta på Begynnerfestivalen, slik at de er bedre rustet til å spille i klubben.

**Tilbakemelding.**

Tilbakemeldingene fra deltakerne var veldig positive. Evalueringsskjema har fortalt oss at deltakerne var veldig fornøyde med arrangementet. Det er fortsatt forbedringspotensialer, og arrangørkomiteen har ambisjoner om å lage en enda bedre Begynnerfestival til neste år i Fredrikstad. Selve opplegget kan også brukes som videregående kurs rundt omkring i landet. Ta kontakt med Eva Flått for å få opplegget.

**Årets Nykommer!**

SVEIN EVAN JOHANSEN

**Hyggeligste Motstander!**

GØRAN FORSGREN

**Hyggeligste Makker!**

ANNE MARIT WANGENSTEEN



Gøran Forsgren

**Resultater:**

<b>Åpningsturnering:</b>				
Plass	Navn	Poeng	Prosent	
1	Robert Bauck Hamar – Vidar Skallerud	13.0	73,21%	
2	Arne Nyhus – Vivian Vestby	11.0	69,64%	
2	Svein Evan Johansen- Johnny Nordal	11.0	69,64%	
2	Wenche Haraldsen Myhre – Tove Wikerholmen	11.0	69,64%	
5	Øystein Loe – Knut N Grølthe	8.0	64,29%	
6	Kari Sørliie – Marit Winter Hansen	6.0	60,71%	
7	Sissel Fagerli - Charlotte Mikkelsen	3.0	56,36%	
8	Anne Britt Aas - Berit Olsen	0.0	50,00%	
9	May Liss Moen - Hege Solli Berg	-1.0	48,21%	
10	Turid Groseth Borge - Kari Heir	-4.0	42,86%	
11	Rita Løvslund - Liv Kongelf	-6.0	39,29%	
12	Hanne Høgmo - Berit Krogh	-8.0	35,71%	
12	Per-Olav Pettersen - Anne Marit Wangensteen	-8.0	35,71%	
14	Gøran Forsgren - Lise Nordal	- 9.0	33,93%	
15	Inger Lise Dege - Torbjørn Haugen	-13.0	26,79%	
16	Thor Sørliie – Gry Brenna	-14.0	25,00%	



Lagturnering:

<b>Lagturnering:</b>			
Plass	Navn	Spillere	Poeng
1	Lag3	Gøran Forsgren, Vivian Vestby, Per Willy Watz, Anne Marit Wangensteen	74.0
2	Lag7	Rita Løvslund, Per-Olav Pettersen, Kari Sørli, Stig Rune Grønsberg	66.0
3	Lag2	Lise Nordal, Øystein Loe, Hanne Høgmo, Svein Evan Johansen	61.0
4	Lag5	Gunnar Løken, Kari Heir, Torbjørn Haugen, Johnny Nordal	60.0
5	Lag8	Kåre Beyer Kristiansen, May Liss Moen, Liv Kongelf, Sissel Fagerli	59.0
6	Lag6	Charlotte Mikkelsen, Hege Solli Berg, Turid Groseth Borge, Geir Aage Mogren	58.0
7	Lag4	Berit Krogh, Jarle Christensen, Wenche Haraldsen Myhre, Knut N. Grøthe	57.0
8	Lag1	Vidar Skallerud, Gry Brenna, Arne Nyhus, Inger Lise Dege	56.0
9	Lag10	Berit Olsen, Thor Sørli, Robert Bauck Hamar, Anne Britt Aas	55.0
10	Lag9	Marit Winther Hansen, Tove Wikerholmen, Sissel Bjørnstad, Svein Anne Peterson	54.0

<b>Hovedturnering:</b>			
Plass	Navn	Poeng	Prosent
1	Hege Solli Berg - Svein Evan Johansen	40.0	70,83%
2	Knut N. Grøthe - Per-Olav Pettersen	33.0	67,19%
3	Sissel Fagerli - Kari Heir	20.0	60,42%
4	Lise Nordal - Johnny Nordal	11.0	55,73%
5	Gry Brenna - Torbjørn Haugen	9.0	54,69%
6	Anette Vaagland - Liv Kongelf	8.0	54,17%
7	Ralph Buchmann - Turid Groseth Borge	8.0	54,17%
8	Charlotte Mikkelsen - Rita Løvslund	2.0	51,04%
9	Sissel Bjørnstad - Vivian Vestby	-2.0	48,96%
10	Thor Sørli - Kari Sørli	-4.0	47,97%
11	Robert Bauck Hamar - Marit Winther Hansen	-5.0	47,40%
12	May Liss Moen - Vidar Skallerud	-6.0	46,88%
13	Hanne Høgmo - Øystein Loe	-7.0	46,35%
14	Inger Lise Dege - Wenche Haraldsen Myhre	-12.0	43,75%
15	Berit Olsen - Anne Britt Aas	-16.0	41,67%
16	Gøran Forsgren - Berit Krogh	-19.0	40,10%
17	Tove Wikerholmen - Arne Nyhus	-24.0	37,50%
18	Per Willy Watz - Anne Marit	-36.0	31,25%



<b>Ruternålsturnering 1:</b>			
Plass	Navn	Klubb	Poeng
